


Andakt på langfredag ved Matias Austrheim, vikarprest i sokna i Volda

Langfredag i coronaens tid



Vi feirer påske i coronaens tid. Dette virus som breier seg over heile verda og som har blitt til ein pandemi som rammar alt folk på jorda. Vi har ingen vaksine, vi kan alle bli ramma. Corona-viruset er som ein krans eller ei krune med piggar som fester seg i halsen og på lungene. Difor ordet corona, som betyr krone eller krans! Du ser den på TV skjermen i alle coronareportasjane verda rundt.

Det er mange som er urolege og redde i denne tid. Det er så uverkeleg at det skal ramme oss? Vi har høyrt om Spanske-sykja, men det var i 1918. Og vi har høyrt om Ebola-epidemien, men det var langt borte i nokre fattige utviklingsland. Men no er vi òg ramma. Med verdas beste helsevesen og det beste medisinske utstyr som fint har vi likevel ikkje kontroll. Vi trur og vonar at det skal gå gå bra, men vi kjenner at vi er sårbare og utrygge. Vi kan alle bli sjuke, og vi kan døy.

Corona-epidemien oppstod som pandemi midt i fastetida. Askeonsdag vart vi teikna med korsmerket, med påminning om at vi er støv. Vi vart mint om vår forgjengelegdom og vårt behov for frelse frå synd og død. Corona-pandemien minner oss på mange måter om det same, vår forgjengelegdom, sårbarheit og at vi ikkje er allmektige. Spørsmålet er: kvar skal mi hjelpe kome frå?

Langfredag fylgjer vi Jesus Kristus på korsvegen. Med ei klungerkrone på hovudet, ei corona, full av kvasse piggar som bora seg inn i huda hans. Påska sin bodskap er at han gjorde det for oss! «Han vart såra for våre brot og sundbroten våre synder synder, straffa låg på han for at vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom». (Jes 53)

Det går med oss som med disipline, dei sovna, svikta og fornekta. Men langs vegen skal vi få erfare at det er ikkje vi som fylgjer Kristus men Han som går vegen med oss, for oss. Jesus Kristus ber ikkje sitt kors, han ber vårt. Gud er hos syndarar. Gud er hos dei som har sår og som lid. Gud er hos dei som treng håp. Langfredagens bodskap er at Jesus er prøvd i alt som kan møte oss, men utan synd. Han for ned til botnen av all liding, einsemd og smerte med den kjærleiken som er sterkare enn døden. Midt i alt menneskeleg mørker er vi likevel ikkje åleine. Gud er der! Difor seier vi: Ave crux, spes unica! Ver helsa kors, vårt einaste håp!

Ave Crux

Dette tre vi klamrer oss til
for ikke å forsvinne
dette tre vi klatrer opp i
når vi ikke strekker til
dette tre springer ut med
blodrøde blomster i natt
Søker vi dit mot kveld
ser vi løvet
stige som fjær.

Diktet er skrive av Jan Erik Rekdal, lyrikaren som er kjend for boka Oppstandelsens nærver. Diktet skildrar Jesu kors, treet som spring ut med blodraude blomar, slik Jesu blod rensar frå all synd. Og slik barnet klatrar i treet får vi klamre oss til korset og til Jesus. Som lauvet stig til vers som lette fjør, stig våre bøner og våre sjeler til himmelen, til Gud.

«Men i alt dette vinn vi meir enn siger ved han som elskar oss...for ingenting kan skilje oss frå Guds kjærleik i Jesus Kristus, vår Herre» (Rom 8: 39)